

**Årsmelding 2021**

**Bryne Kunstforening**

---

**Innholdsliste**

Utstillinger og arrangement

Publikum

Årsmøte

Arbeid i styret

Ressursgruppa

Økonomi

Medlemmar

## **Bryne kunstforening - Årsmelding 2021**

### **Utstillinger og arrangement**

Aktiviteten i kunstforeninga var i 2021 sterkt prega av koronasituasjonen. Utstillinga *Song i stein, bøn i bronse, poesi i pleksiglas* med verk av Gunnar Torvund som skulle vera ein del av Garborgdagane vart avlyst og utsett til 2022. Garborgdagane måtte også avlysa dei fleste av sine arrangement. Gruppa som arbeidde med Torvundutstillinga vidareutvikla utstillingsideen og engasjerte tre yngre kunstnarar: Håvard Sagen, Matt Bryans og Helene Kjær Bremseth til å nytolka Torvunds verk og kunstnarskap gjennom spesialtilpassa utstillingsarkitektur saman med kurator for utstillinga Ragnhild Aamås. Det blei arbeidd mykje med denne utstillinga i 2021. I desember var BKF og dei tre kunstnarane i Kviteseid for å velja ut og henta verk til Bryne.

Resultatet kan du lesa om i årsmelding for 2022 – det kan bli lysteleg lesning.

8-15.5.2021 **Keramikk og maleri, Sven Undheim**



«Poetisk minimalist» sa Undheim om seg sjølv, men han var elles forsiktig med å gi tolkingar av verka sine. Enkle stiliserte jærhus går ofte igjen i Undheims arbeid. Utan vindauga og dører, nakent og lukka aleine i eit mennesketomt landskap.

Dette var ei utstilling som opprinneleg ikkje var planlagd. Den kom raskt i stand etter initiativ frå Turid Steinsland.

Utstillinga hadde 105 besøkande og det var seld 13 verk.

<https://www.brynekunstforening.no/2021/undheim>

29.5-20.6.2021 **Dialogar**, Øyvind Johnsen

For første gong i Bryne kunstforening ei utstilling basert på videoverk.



I video- dialaogane som vart vist i galleriet går Johnsen tett inn på eige liv og tankar. I «Øynene lukket - Øynene åpne» stiller Johnsen spørsmål om korleis kunst kan få oss til å reflektere; korleis enkelte kunstnarar innen film, litteratur og billedkunst kan vera augeopnarar for opplevingar og innsikt. Kva er det som skal til for at eit kunstverk ikkje slepp taket.

Helga Nyman, konservator ved Stavanger Kunstmuseum hadde åpningstale.

Til saman hadde utstillinga 60 besøkande.

Utstillinga fekk kr 3000 i transportstøtte frå Norske kunstforeningar.

<https://www.brynekunstforening.no/2021/johnsen>

11.9 - 3.10 2021 **slow-wave**, Ananda Serné



Gjennom bevegelige tekstilinstallasjonar, bilete, lyd, språk og tekstilar utforska Ananda Serné i denne utstillinga spørsmål om oversetjing, (mis)kommunikasjon og (ikkje-)biologisk intelligens.

Ein integrert del av utstillinga var ein firekanals lydinstallasjon som kunstnaren har utvikla saman med Song Circus. Stemmene speglar og etterliknar lyden av vatn. Verket refererer til lydlandskap som søker å styrke søvnkvalitet og simulere ASMR (autonom sensorisk meridianrespons) - ei lettare euforisk


oppleving karakterisert som prikkande kjensle mot hud som typisk startar i hovudbotnen for så å bevege seg ned mot nakke og ryggrad.

Utstillinga vart opna av Linda Rogn.

Utstillinga hadde 32 besøkande og fekk melding i Stavanger Aftenblad.

<https://www.brynekunstforening.no/2021/serne>

21.10 – 14.11.2021 **Livet og kunsten**, Bruno Krauskopf



Utstilling vart til etter initiativ frå Svein Westlye som i fleire år har arbeidd med ein omfattande biografi av Bruno Krauskopf. Westlye hadde registrert eit stort antal verk eigd av lokale samlarar og dette var grunnlaget for utstillinga på Bryne. Utstillingsåpninga var samstundes lansering av Westlyes Krauskopfbibliografi.

Bruno Krauskopf budde i Norge i 14 år, fra 1934 til 1948 og hadde stor produksjon i denne perioden. Utstillinga på Bryne viste verk malt i Norge, men dekkja også den tyske og den amerikanske perioden i kunstnarskapen.

Bruno Krauskopf var representant for det ekspresjonistiske maleriet; han malte ikkje berre det han såg med sitt blotte auga, men det han følte. Han stod i ein sterk tradisjon blant anna representert av Edvard Munch.

<https://www.brynekunstforening.no/2021/krauskopf>

Det var 476 besøkande på utstillinga

20.11 – 12.12.2021 **Sammenvevde observasjoner**, Arna Kristine Lund Johnsen



I denne utstillinga viste Lund-Johnsen «papir-montasjar», foto som ho har kuttet opp for så å flette dei saman igjen. To eksemplar av kvart fotografi blir strimla opp i kvar si retning før dei bli veva saman, som ei slags dobbeleksponering.

I «Sammenvevde observasjoner» møter vi tida, eller fråværet av den. Dei intrikate samanstillinga av veva foto stiller spørsmål ved vår evne til å sjå foto som forgjengeleg eller som eit foreviga augeblink.

Søndagen etter åpninga hadde kunstnaren workshop kor deltakarane laga egne foto-flettverk.

Utstillinga hadde 34 besøkande

<https://www.brynekunstforening.no/2021/lundjohnsen>

## Publikum

Samla besøkstal på utstillingar og arrangement i 2021 har vore 707

Utstilling	Periode	Besøkende Åpning	Besøkende utenom åpning	Besøkende Totalt	Solgte Verk
Sven Undheim	08.05.21 - 15.05.21	-	105	105	13
Øyvind Johnsen	29.05.21 - 20.06.21	41	19	60	-
Ananda Sernè	10.09.21 - 03.10.21	2	30	32	-
Bruno Krauskopf	21.10.21 - 14.11.21	120	356	476	-
Arna Kristine Lund-Johnsen	20.11.21 - 12.12.21	27	7	34	-
<b>Sum</b>		<b>190</b>	<b>517</b>	<b>707</b>	<b>13</b>

## Årsmøte

Årsmøtet vart halde 27.4 2021 i Bryne mølle. 17 medlemmar møtte. Årsmøtet diskuterte og vedtok kriterier for å konsentrera samlinga til færre og meir betydningsfulle verk.

Styret 1921-22 har vore samansett slik:

Inger Aase Høyland Braut  
Nils Anders Refvik  
Sigvart Zachariassen  
Lisa Hognestad  
Kine Hansen Vik (ny)  
Annika Tove Roaldkvam (ny)  
Linda Nora Rogn  
Børge Goa  
Åsa Dirdal (vara, ny)  
Inger Lise Belsvik (vara)

Det lukkast ikkje å få kandidat til leiarvervet. Brønnøysundregisteret ville ikkje godkjenna eit styre utan leiar og inntil vidare vart det gamle styret med Sigvart Zachariassen som leiar som vart ståande i protokollane. Dette har medført at styremedlem som gjekk ut av styret har måtta underteikna regnskapet for 2021

Annika Tove Roaldkvam trekte seg frå vervet etter kort tid.

## Arbeid i styret

Det har vore 9 styremøte i 2021. Styret har arbeid med desse sakene:

- Sett opp og gjennomført utstillingsprogram for 2021 og vidare. Forslag frå kunstnarleg råd har delvis låge til grunn for programmet
- Oppfølging av kunstnarleg råd som har hatt 1 møte i 2021. Kunstnarleg råd består Jens Erland, Mona Orstad Hansen, medan Linda Rogn har vore BKF sin representant. Har vore vanskeleg å få sving på dette arbeidet på grunn av korona-situasjonen. Etablering av kunstnarleg råd er støtta med kr 6000 frå Norske kunstforeningar.

- Bryne kunstforening anno 2030. Styret har diskutert framtidsutsiktene for BKF og korleis ein kan få involvert medlemmar og viktige kontaktar i denne diskusjonen. Ulike scenarier vart lufta i samtale etter årsmøtet for 2030.
- Innkjøp av visningsskjerm – støtta med kr 10 000 frå Norske kunstforeningar
- Kunstprosjektet på vegg ved Bryne torg. Vurderte å utlysa prosjektet som «open call». Arbeidet lagt på is på grunn av krav til utforminga frå huseigar og manglande kapasitet.
- Oppfølging av planar for bygging av magasin på loftet. Kommunen er innstilt på å løyva pengar til dette i 2022. Dialog med kommunen om sliping av golv og fordeling av utgifter til dette.
- Fått i stand banner på utsida av mølla i samarbeid med Time kommune.

Det er handlingsplanen for 2021-2022 som var vedteken på årsmøtet som har lege til grunn for arbeidet i styret.

## **Ressursgruppa**

Det er sagt det før og det må seiast igjen. Kva skulle BKF gjort utan ressursgruppa? Snekring, maling, plakatutforming, rigging, bæring, opphenging, pakking, kjøring, kaffikoking, matlaging og ikkje minst smørjing av det gode maskineriet som må til for å få på plass utstillingar og arrangement. Alltid på pletten med godt humør og utstyret som trengs.

## **Økonomi**

Overskudd: 37.933, mot budsjettert underskudd på 33.850. Hovedårsak til det gode resultatet er sal av bøker (Svein Westlye) som ikkje var planlagt, samt godt besøk på Bruno Krauskopf-utstillinga. På kostnadssida er hovedgrunnen til forbedring at Time kommune dekkar kostand til banner, som var budsjettert til 31.000. Foreninga har fått tilskot frå Time kommune (40 000), og Norske kunstforeningar 30 000. (Gunnar Torvund 10000, Øyvind Johnsen 3000 Visningsskjerm 10000, etablering av kunstnarleg råd 5000. I 2021 er det utbetalt 10 000 av denne støtta)

Bryne kunstforening søkte også på vegne av fleire kunstforeninga i fylket støtte frå NKF til arrangement med Sono Flux, eit kunstnarfelleskap for improvisasjon av biletkunst og musikk. Me fekk innvilga kr 10 000 til dette. Arrangementa var utsett til 2022 i forståing med NKF.

## **Medlemmar**

BKF har i 2021 hatt 71 betalande medlemmar i 2021 mot 92 foregåande år.

*Årsmeldinga vart vedteken på årsmøtet 19.4.2022*